

ETNE KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: måndag 13. mai 2013
Tid: kl. 13.00
Sted: Etne tinghus, formannskapssalen

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977/ e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir vara medlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at vara medlem kan bli innkalla.

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/varamedlemmer.

Rådmannen med økonomisjef er invitert i sak 07/13

SAKLISTE:

05/13 Godkjenning av protokoll frå møte 25.02.13

06/13 Referat- og orienteringssaker 13.05.13

07/13 Etne kommune sitt årsrekneskap for 2012 – kontrollutvalet sin uttale

08/13 Rapport frå forvaltningsrevisjon av Øyane Asvo

09/13 Utkast til prosjektplan for forvaltningsrevisjon av «Strategi, målstyring og internkontroll»

Eventuelt

Aksdal, 06.05.13

Ståle Tungesvik
Kontrollutvalsleiar (sign)



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar (møte- og talerett)
Revisor (møte- og talerett)
Rådmann (invitert saman med økonomisjef)
Varamedlem (til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	13.05.13	05/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 25.02.13.

Saksvedlegg: Protokoll frå møte 25.02.13

Saksorientering:

Protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 25.02.13 følgjer vedlagt. Protokollen er lest gjennom og godkjent av leiar i etterkant av møtet og over sendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 25.02.13 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 06.05.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssektetær

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **25. februar 2013** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiding av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – 15.15
MØTANDE MEDLEMER:	Lars Ebne (Krf), Ståle Tungesvik(Sp), Trude Enge (Frp) og Elisebeth Aasheim (Ap)
FORFALL:	Ivan Kaldheim (H)
MØTANDE VARAMEDLEMER:	Nils Ramsvik (H)
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Trond Kampen - KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Sigve Sørheim i sak 1/13 og 2/13
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sak 2/13, pkt. 7 – lagt ut i møte

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 01/13 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26.11.12

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 26.11.12 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 25.02.13

Utvalet gjennomgjekk protokollen, og under sak 21/12, pkt. 1 – ynskte kontrollutvalet å bli orientert når arbeidet til det utvalet som ser på blant anna retningslinjene for berekning av vassavgift har gjort sitt arbeid.

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.02.13

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 26.11.12 blir godkjent slik han ligg føre.

Kontrollutvalet ynskjer ei orientering om dei nye retningslinjene for berekning av vassavgift når dei ligg føre.

SAK 02/13 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 25.02.13

1. Årsrapport og årsregnskap for 2012 – frå Skatteoppkreveren i Etne kommune
2. Kommunestyrevedtak 18.12.12, sak 082/12 – budsjett for kontroll og tilsyn 2013
3. Søknad om fritak – suppleringsval – Martin Gulliksen
4. FKT medlemsbrev nr. 2/12
5. Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak
6. Statusoversikt for kontrollutvalet pr. februar 2013
7. Kontrollrapport 2012 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen for Etne kommune – lagt på representantane sitt bord

Handsaming i kontrollutvalet 25.02.13:

1. Ingen merknader
2. Ingen merknader
3. Ingen merknader
4. Utvalet vedtok at inntil 2 utvalsmedlemmer kan reise på FKT konferansen i juni
5. Tas til etterretning
6. Ingen merknader
7. Utvalet fekk utdelt kontrollrapporten frå Skatt vest – ingen merknader

Orientering frå ordføraren:

Øyane Asvo – ny dagleg leiar er tilsett, ny styreleiar må veljast. Det ligg føre framlegg om deling av selskapet, eit eigarselskap og eit driftsselskap. Både Etne og Vindafjord føl utviklinga i selskapet nøye.

KPMG har fått beskjed om å starte arbeidet med revisjonsprosjektet. I fylgje revidert prosjektplan vonar dei å ha ein rapport klar i mai 2013.

Samansetninga av kontrollutvalet – utvalet manglar i dag representant som har fast plass i kommunestyret etter suppleringsval i haust. Utvalet meinte at loven burde følgjast. Ordføraren ville følgje opp saken vidare og avklare situasjonen med Fylkesmannen og valnemnda.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.02.13:

*Kontrollutvalet tek referatsakene 1 -7 og ordføraren si utgreiing til orientering.
Inntil 2 medlem kan reise på FKT sin konferanse i juni 2013.*

SAK 03/13 ÅRSMELDING FRÅ KONTROLLUTVALET 2012

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2012.

Årsmeldinga vert oversendt kommunestyret til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 25.02.13:

Utvalet hadde ingen merknader eller tilføyningar til årsmeldinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.02.13:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2012.

Årsmeldinga vert oversendt kommunestyret til orientering.

SAK 04/13 UTVELJING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til neste møte i mai 2013.

Handsaming i kontrollutvalet 25.02.13:

Utvalet drøfta kva for prosjekt som burde veljast. Revisor orienterte om dei ulike prosjekta som var prioritert høgast i Plan for forvaltningsrevisjon. Utvalet blei samd om prosjektet «Strategi, målstyring og internkontroll».

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 25.02.13:

Etne kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet «Strategi, målstyring og internkontroll» til neste møte i mai 2013.

EVENTUELT:

Ingen saker meldt.

Neste møte: måndag 13. mai 2013, kl. 13.00

Etne, 25. februar 2013

Ståle Tunesvik
Kontrollutvalsleiar



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	13.05.13	06/13
Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 13.05.13**Saksvedlegg:**

8. Statusrapport pr. mai 2013
9. Kommunestyrevedtak 26.02.13, sak 017/13 – Plan for forvaltningsrevisjon
10. Protokoll frå representantskapsmøte i Samarbeidsrådet for Sunnhordland
11. Protokoll frå representantskapsmøte i Interkommunalt arkiv Hordaland
12. Representantskapsmøte – 07.05.13-Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
13. Innkalling til representantskapsmøte – 15.05.13- HIM IKS
14. Representantskapsmøte – 28.05.13 – Krisesenter Vest IKS
15. Pressemelding frå KRD - Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane
16. Orientering frå rådmannen/fylkesmannen om suppleringsval


Saksorientering:

Sakene blir lagd fram for kontrollutvalet til orientering.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 8 - 16 og vert tatt til orientering.

Aksdal, 06.05.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær



Statusoversikt mai 2013 – Kontrollutvalet i Etne

Saker fra bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Øyane Asvo AS	26.11.12	200 timar	Ferdig	13.05.13	50/50 med Vindafjord
Strategi, målstyring og internkontroll	13.05.13	150 timar	Klar for bestilling	18.11.13	
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Selskapskontroller					
Andre saker					

Avslutta prosjekter i 2012/2013

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgd opp	Merknader
Plan for forvaltningsrevisjon	26.06.12	26.11.12	Kst 26.02.13		
Selskapskontroller					
HIM IKS- oppfølging av kontroll i 2011		26.11.12	Kst		Brev frå styret
Plan for selskapskontroll 2012-2016		01.10.12	Kst 30.10.12		
Andre saker					

SAKSUTGREIING:

1. Kva saka gjeld:

Plan for forvatningsrevisjon 2012 – 2015.

2. Bakgrunn for saka:

Sak oversendt frå Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS.

Etter forskrift om kontrollutval § 10 har kontrollutvalet ansvar for å utarbeide og oppdatere plan for forvaltningsrevisjon. Planen skal vere bassert på ein overordna analyse av kommunen sin verksemd ut ifrå ein risiko- og vesentlighetsvurdering, med sikte på å identifisere behovet for forvatningsrevisjon i kommunen.

TILRÅDING FRÅ KONTROLLUTVALET TIL ETNE KOMMUNESTYRE:

Etne kommunestyre vedtar Plan for forvatningsrevisjon for perioden 2012 – 2015 slik den ligg føre.

Kommunestyre gjev kontrollutvalet mynde til å gjera endringar av planen i perioden.

26.02.2013 KOMMUNESTYRE

K-017/13 VEDTAK: (samrøystes)

Etne kommunestyre vedtar Plan for forvatningsrevisjon for perioden 2012 – 2015 slik den ligg føre.

Kommunestyre gjev kontrollutvalet mynde til å gjera endringar av planen i perioden.

01-03-13
ETNE KOMMUNE
Rett utskrift
Eva Wulh Skustoft

Haugaland
Kontrollutvalgsssekretariat IKS

Mottatt dato: 02.05.13.
Journalført: 13/160/ogh
Arkivkode: 217

SAMARBEIDSRÅDET
FOR SUNNHORDLAND



**REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I
SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS
5. APRIL 2013 KL. 10.00-13.00
STORD HOTEL, STORD**

Desse møtte:

Renate M. Klepsvik
Ingrid Møgster
Edvard J. Stangeland

Bømlo

Sissel Johnsen
Karsten Fylkesnes

Etne:

Siri Klokkestuen

Fitjar:

Harald Rydland
Frode Pletten

Kvinnherad:

Arve Opsanger
Ove Lemica
Otto Benjaminson

Stord:

Åshild Rygg Tonning
Håkon Frode Særsten
Andreas Moe Larsen

Sveio:

Jan Reinert Vestvik
Jarle Jacobsen
Gunnvald Alfson

Tysnes:

Tore Atle Humlevik

Forfall:

Anne T. Johannessen, Bømlo kommune – Roar Gundegjerde, Etne kommune – Ingemund Berge,
Etne kommune – Sigurd Andre Maraas, Fitjar kommune – Lorentz Lunde, Tysnes kommune – Ingrid
Tysnes Stue, Tysnes kommune.

Frå Samarbeidsrådet møte:

Ordførar Synnøve Solbakken, Kvinnherad kommune

Ordførar Kjetil Hestad, Tysnes kommune

Ordførar Wenche Tislevoll, Fitjar kommune

Rådmann Trond Sætereng, Kvinnherad kommune

Frå administrasjonen møte:

Gro Jensen Gjerde

Reidun Rykkje

Anne Synnøve Lønne

Då var føre:

Sak 01/13 Opning av møte – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 02/13 Val av

- Referent

- Møteleiar

- To representantar til underskriving av protokoll

Sak 03/13 Godkjenning av årsmelding 2012

Sak 04/13 Godkjenning av rekneskap for 2012

Sak 05/13 Godkjenning av budsjett 2013

Sak 06/13 Godkjenning av handlingsplan for 2013

Sak 07/13 Framlegg til val av revisor

Sunnhordland, 5. april 2013



Harald Rydland
Fitjar kommune

Sissel Johnsen
Bømlo kommune



Håkon Frode Særsten
Stord kommune



**REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I
SAMARBEIDSRÅDET FOR SUNNHORDLAND IKS
5. APRIL 2013 KL. 10.00-13.00
STORD HOTEL, STORD**

I forkant av møte fekk Representantskapet ei orientering om E39 ferjefri kyststamveg v/ Signe Eikenes, Statens vegvesen

I tillegg vart det gitt ei orientering om omdømme og rekrutteringsarbeidet i regionen v/prosjektleiar Anne Synnøve Lønne

Sak 01/13 Opning av møte – godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 02/13 Val av

- **referent**
Reidun Rykkje
- **møteleiar**
Representantskapsleiar Harald Rydland
- **to representantar til underskriving av protokoll**
Sissel Johnsen, Bømlo kommune og Håkon Frode Særsten, Stord kommune

Sak 03/13 Godkjenning av årsmelding 2012

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner årsmelding for 2012.

VEDTAK:

Samrøystes vedteke.

Sak 04/13 Godkjenning av rekneskap for 2012

Styret sitt framlegg til vedtak:

1. Representantskapet godkjenner rekneskap for 2012.
2. Underskotet på kr. 69 269,- vert dekket av annan kapital.

VEDTAK:

Samrøystes vedteke.

Sak 05/13 Godkjenning av budsjett 2013

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner budsjett for 2013.

VEDTAK:

Samrøystes vedteke.

Sak 06/13 Godkjenning av handlingsplan for 2013

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner handlingsplan for 2013.

VEDTAK:

Samrøystes vedteke.

Sak 07/13 Val av revisor

Styret sitt framlegg til vedtak:

Representantskapet godkjenner at Revisorgruppen Sunnhordland DA held fram som revisor for Samarbeidsrådet for Sunnhordland IKS.

VEDTAK:

Samrøystes vedteke.

Sunnhordland, 5. april 2013



Harald Rydland
Fitjar kommune

Sissel Johnsen
Bømlo kommune



Håkon Frode Særsten
Stord kommune



Representantskapsmøte Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

tirsdag 7. mai 2013 kl. 18.00

Sted: Tysvær rådhus – Cleng Peerson-rommet (hovedinngang, 2.etg.)
Servering: Enkel
Forfall meldes til: Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 959 86 979
post@kontrollutvalgene.no

Vararepresentanter møter kun etter særskilt innkalling. Det bes om at de oppnevnte gir beskjed **innen 3. mai** at de møter. For at representantskapet skal være beslutningsdyktig, må minst to tredjedeler av representantene være til stede.

Til behandling foreligger:

- 1/13 Godkjenning av innkalling og sakliste
- 2/13 Godkjenning av protokoll fra møte 08.05.12
- 3/13 Referatsaker
- 4/13 Suppleringsvalg – ny styreleder
- 5/13 Deltakelse i Interkommunalt Arkiv (IKA) i Rogaland IKS
- 6/13 Årsmelding 2012
- 7/13 Årsregnskap 2012
- 8/13 Budsjett 2014
- 8/13 Økonomiplan 2014 – 2017

Aksdal 08.04.13

(sign.)
Aasmund Austerheim
Leder av representantskapet

(sign.)
Toril Hallsjø
Daglig leder

Kopi: Vararepresentanter, styremedlemmer, revisor og deltakerkommunene v/postmottak

*I tråd med § 8 i Lov om interkommunale selskaper sendes innkalling til møte i representantskapet med **fire ukers varsel**.*

Sakspapirer sendes ut to uker før møtet.



HIM
Telefon 52 76 50 50
Telefax 52 76 50 51
e-post: him@him.as

Representantskapet

Dato 15.04.12

INNKALLING TIL MØTE I REPRESENTANTSKAPET HAUGALAND INTERKOMMUNALE MILJØVERK ONSDAG 15. MAI KL 13.00

Det innkalles til møte i representantskapet for Haugaland Interkommunale Miljøverk, jf. §8 i loven og §10 i vedtekten. **Møtet holdes onsdag 15.05.13 kl 13.00-15.00 i Nygaardsalen på Tysværtunet i Aksdal.**

Saksdokumentene blir sendt ut i uke 18. Dersom noen ikke kan møte, ber vi om å bli varslet snarest over tlf 52 76 50 50 eller e-post: gro.staveland@him.as

Følgende representanter innkalles:

Bokn	Ordfører Kyrre Lindanger, 5561 Bokn
Bokn	May Jorunn Vatnaland, 5561 Bokn
Etne	Ordfører Sigve Sørheim, Postboks 54, 5591 Etne
Etne	Gunlaug Pedersen, Mæland, 5590 Etne
Haugesund	Norman Thune jr, Norrønagata 19, 5529 Haugesund
Haugesund	Torleiv Kvalvik, Haugalelte 24, 5515 Haugesund
Haugesund	Arne Løvvik, Rindå 3, 5533 Haugesund
Haugesund	Alf Edvinson, Valhallgata 5, 5531 Haugesund
Tysvær	Ordfører Harald A. Stakkestad, Postboks 94, 5575 Aksdal
Tysvær	Lars Birger Baustad, 5570 Aksdal
Vindafjord	Ordfører Ole Johan Vierdal, Rådhuset, 5580 Ølen
Vindafjord	Varaordfører Steinar Skartland, Skartland, 5568 Vikebygd

Innkallingen sendes også til:

Haugaland kontrollutvalgssekretariat, Pb 57, 5575 Aksdal
Styreleder i HIM, Geir Worum, Stjørdalsvn. 20, 5515 Haugesund

Varamedlemmer som varsles og kan bli innkalt ved forfall:

Bokn	Anita Kro, 5561 Bokn
Etne	Mette Heidi Bergsvåg Ekrheim, Ekrheim, 5590 Etne
Haugesund	Ingrid T. Rein, Tambarskjelves gate 12, 5523 Haugesund
Tysvær	Varaordfører Kristine Aurdal, 5576 Tysværvåg
Vindafjord	Tove Elise Frøland, Kårhus, 5578 Nedre Vats

Følgende deltakerkommuner er varslet:

Bokn kommune, ordføreren, 5561 Bokn
Etne kommune, ordføreren, Postboks 54, 5591 Etne
Haugesund kommune, ordføreren, Postboks 2160, 5504 Haugesund
Tysvær kommune, ordføreren, Postboks 94, 5575 Aksdal
Vindafjord kommune, ordføreren, 5580 Ølen

april 15, 2013

Innkalling

Evt. merknader til innkallingen

Valg av protokollfører

Valg av 2 representanter til å underskrive protokollen

Godkjenning av saksliste

Vedtakssaker:


13.01 Årsmelding og regnskap 2012


13.02 Retningslinjer for godtgjørelse til styret i HIM

Eventuelt:

Ordet fritt.

Kyrre Lindanger
Leder repr.skapet


Gro Staveland
Adm direktør



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Du er her: regjeringen.no / [Kommunal- og regionaldepart...](#) / [Pressesenter](#) / [Pressemeldinger](#) / Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane

Pressemelding, 29.04.2013

Interkommunalt samarbeid løner seg for kommunane

Interkommunalt samarbeid aukar kvaliteten på tenestene og løner seg økonomisk, viser ny rapport. Det gjeld både for store og små kommunar.

– Dette viser at interkommunalt samarbeid gjev kommunane nødvendig fleksibilitet til å kunne organisere tenester og oppgåver i tråd med lokale tilhøve. Det aukar kvaliteten på tenestene, seier kommunal- og regionalminister Liv Signe Navarsete.

Navarsete meiner rapporten vil vere relevant for debatten om framtida sin kommunestruktur.

– Tilhengarane av omfattande kommunesamanslåing peiker ofte på at små kommunar må samarbeide med andre for å løyse enkelte oppgåver, og meiner dette er eit problem. Denne rapporten dokumenterer at store kommunar faktisk samarbeider meir enn dei små, fastslår Navarsete.

Kommunal- og regionaldepartementet har fått IRIS, Nordlandsforskning, Uni Rokkan og Høgskolen i Oslo og Akershus til å kartleggje omfanget av interkommunalt samarbeid.

Dei har analysert konsekvensane av at stadig meir av den kommunale aktiviteten skjer i ulike kommunesamarbeid.

Analysen viser at det finst om lag 850 formaliserte interkommunale samarbeid i Noreg. Kvar kommune deltek i gjennomsnitt i elleve samarbeid med andre kommunar. Dei største kommunane deltek i fleire, i gjennomsnitt i femten.

Samla sett har forskarane kalkulert det økonomiske omfanget av interkommunalt samarbeid til om lag ti prosent av driftsutgiftene til kommunane.

Det er registrert flest samarbeid om tenester innanfor teknisk sektor som energi, vassforsyning, avløp, renovasjon, avfallshandtering, brannvern og bompengeselskap. Desse samarbeidsområda er også størst målt i omsetjing.

Kommunane samarbeider svært lite innanfor store kjerneoppgåver som barnehage, grunnskule og pleie og omsorg. Desse områda utgjer 68 prosent av brutto driftsutgiftene til kommunane.

Dei store kommunane, med over 20 000 innbyggjarar, deltek i flest samarbeid om samferdsel, næringsutvikling, hamn og kulturhus/kino. Dei minste kommunane, med under 1 500 innbyggjarar, samarbeider mest om barnevern, men også om legevakt.

Her kan du lese hele rapporten: ["Interkommunalt samarbeid: Konsekvenser, muligheter og utfordringer"](#)

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00.

Emne **VS: Spørsmål vedkommande kontrollutval**
Avsender Elling Hetland <Elling.Hetland@etne.kommune.no>
Mottaker Odd Gunnar Høie <ogh@kontrollutvalgene.no>
Dato 2013-05-06 11:46



- Kontrollutvalg.pdf (592 KB)
- image001.png (8 KB)

Oversender som avtala svaret eg fekk hos fylkesmannen vedkommande suppleringsval til kontrollutvalet.

Med helsing
Elling Hetland
Rådmann

Direkte: 53 75 80 20

Mobil: 90 20 88 49

elling.hetland@etne.kommune.no<<mailto:elling.hetland@etne.kommune.no>>

[cid:[image001.png@01CE4A4F.69E83320](http://www.etne.kommune.no/)]<<http://www.etne.kommune.no/>>

From: Morken, Hugo [mailto:fmhohmo@fylkesmannen.no]
Sent: 18. oktober 2012 13:43
To: Elling Hetland
Subject: Spørsmål vedkommande kontrollutval

Hei

Viser til telefonsamtale tidlegare i dag. Som avtalt kontakta eg KRD, og vart der gjort kjent med vedlagde uttale frå 2008. Av siste avsnitt går det her fram at departementet meiner føreseigna i § 77 nr. 1 fjerde punktum direkte berre gjeld konstitueringa av kontrollutvalet. Departementet meiner likevel at kommunane bør gjere sitt ytterste for å sikre at kommunestyret er representert i kontrollutvalet i heile perioden.

Eg håper dette gav svar på spørsmålet.

Med helsing

Hugo Morken
seniorrådgjevar

Fylkesmannen i Hordaland
Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Telefon: 55 57 21 17
www.fylkesmannen.no/hordaland<<http://www.fylkesmannen.no/hordaland>>



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Fylkesmannen i Sør-Trøndelag
E. C. Dahls gate 10

7012 TRONDHEIM

Deres ref

Vår ref
08/640-3 SDA

Dato
01 JUL 2008

Fortolkningsspørsmål vedrørende kommuneloven

Vi viser til e-poster av 27. februar 2008.

Departementet har følgende kommentarer til de spørsmål som reises:

Fortolkning av kommuneloven § 10 a

1. Er varamedlem til kontrollutvalg utelukket fra valg til kommunestyrekomité?

Den klare hovedregelen er at samtlige kommunestyremedlemmer skal sitte i kommunestyrekomiteene, jf. kommuneloven § 10 a nr. 2 første punktum. I andre punktum i samme bestemmelse er det imidlertid fastsatt at medlem av kontrollutvalget som sitter i kommunestyret er utelukket fra valg til kommunestyrekomiteer.

I forarbeidene til bestemmelsen (Ot.prp. nr. 96 (2005 – 2006) side 40) uttaler departementet:

".....Komiteene har en sentral posisjon som meningsytringsorgan, og kontrollutvalgsmedlemmer bør ikke ha innflytelse på beslutninger i andre politiske organ. Dette kan tale for at kontrollutvalgsmedlemmer bør være utelukket fra valg til komiteene."

Det er ikke drøftet nærmere hva som ligger i uttrykket "medlemmer". Vi viser til at loven i andre sammenhenger (for eksempel § 77 nr. 1 og 2) uttrykkelig bruker benevnelsen medlemmer og varamedlemmer når det er meningen at begge grupper skal omfattes. Dette kunne tale for å fortolke bestemmelsen i § 10 a nr. 2 slik at den kun omfatter faste medlemmer. De hensyn som tilsier at kontrollutvalgsmedlemmer ikke kan være

medlem av kommunestyrekomiteer taler imidlertid for at også varamedlemmer til kontrollutvalget må være utelukket fra valg til kommunestyrekomiteer.

Et varamedlem til kontrollutvalget vil kunne bli innkalt til møte i utvalget ved forfall, og kan i praksis også fungere som medlem, for eksempel når det ordinære medlemmet har forfall over en lengre periode. Departementet mener dette tilsier en utvidende tolking av bestemmelsen, slik at heller ikke varamedlem til kontrollutvalget er valgbar til kommunestyrekomiteer. Dette er også løsningen som er valgt i kommuneloven § 77 nr. 2 når det gjelder valgbarhet til kontrollutvalget. På denne bakgrunn antar departementet at begrepet medlemmer i kommuneloven § 10a nr. 2 annet punktum også omfatter varamedlemmer til kontrollutvalget.

2. Er medlem av kommunestyrekomité utelukket fra å stille til valg til kontrollutvalget?

Kommuneloven § 77 nr. 2 inneholder regler om hvem som er utelukket fra valg til kontrollutvalg. Bestemmelsen må antas å være uttømmende. Kommunestyrekomiteer er ikke nevnt blant de organer hvis medlemmer er utelukket fra valg. Departementet antar derfor at det ikke er i strid med loven om et medlem av en kommunestyrekomitee stiller til valg til kontrollutvalget. Det følger imidlertid av kommuneloven § 10 a nr. 2, jf. § 15 nr. 1, at vedkommende i så fall må tre ut av kommunestyrekomiteen, dersom han/hun skulle bli valgt inn i kontrollutvalget.

Fortolkning av kommuneloven § 77 nr. 1

Loven § 77 nr. 1 fjerde punktum fastsetter at minst ett medlem av kontrollutvalget skal velges blant kommunestyrets medlemmer. Denne bestemmelsen trådte i kraft 1. november 2007. Det var opprinnelig fastsatt at bestemmelsen skulle tre i kraft 1. juli 2004, jf. kgl.res. av 12. desember 2003. Ved kgl.res. av 18. juni 2004 ble det imidlertid bestemt at bestemmelsen først skulle tre i kraft når neste kommunevalgperiode startet, hvilket noe upresist er formulert som 1. november 2007 i ikrafttredelsesvedtaket. En ren bokstavfortolkning av ikrafttredelsesbestemmelsen kan tilsi at den ikke vil gjelde for de kontrollutvalg som ble valgt innen utgangen av oktober 2007. Bakgrunnen for at bestemmelsen ble satt i kraft på et senere tidspunkt, var imidlertid at man ønsket å unngå at kommuner og fylkeskommuner skulle måtte foreta nyvalg av sine kontrollutvalg midt i daværende valgperiode. Det synes således klart at hensikten med utsettelsen var at bestemmelsen skulle ta til å gjelde i forbindelse med konstitueringen av kommunestyre og valg av kommunale nemnder, herunder kontrollutvalg.

Departementet antar på denne bakgrunn at bestemmelsen skal komme til anvendelse ved valg av nytt kontrollutvalg for perioden 2007 – 2011.

Kravet om at minst ett kommunestyremedlem skal være medlem av kontrollutvalget er direkte knyttet til konstitueringen av kontrollutvalget. Dette følger etter departementets vurdering av ordlyden i kommuneloven § 77 nr. 1 fjerde punktum. Spørsmålet oppstår

om dette kravet gjelder også når det er tale om suppleringsvalg i løpet av valgperioden. Departementet antar at det ikke er noe direkte krav i loven om at det skal velges et nytt kommunestyremedlem for å erstatte et som går ut av kontrollutvalget, selv om dette skulle medføre at utvalget blir uten representasjon fra kommunestyret. Det vil også i praksis kunne være svært vanskelig å praktisere en slik regel. Departementet mener likevel at intensjonene bak lovbestemmelsen tilsier at kommunene gjør sitt ytterste for å sikre at kommunestyret er representert i kontrollutvalget i hele valgperioden.

Med hilsen

Anne Nafstad Lyftingsmo
Anne Nafstad Lyftingsmo (e.f.)
ekspedisjonssjef

J.M. Sundeid
Jan Morten Sundeid
seniorrådgiver

Kopi:
Fylkesmennene
KS

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnr
Kontrollutvalet	13.05.13	07/13
Formannskapet	04.06.13	
Kommunestyret	18.06.13	

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	210	

ETNE KOMMUNE SIN ÅRSREKNESKAP FOR 2012 – KONTROLLUTVALET SIN UTTALE

Vedlegg:

1. Framlegg til kontrollutvalet sin uttale til årsrekneskapen
2. Hovedoversikt rekneskapen for 2012
3. Revisjonsmelding for 2012
4. Årsoppgjersbrev for 2012 (blir lagd fram i møte)
Årsmelding og årsrekneskapen blir lagde ved som datafil

Bakgrunn:

I Forskrift om kontrollutvalg § 7 heiter det at kontrollutvalet skal gi uttale om årsrekneskapen før den vert vedtekt av kommunestyret. Uttalen gis til kommunestyret. Kopi av uttalen skal vera formannskapet i hende tidsnok til at det kan tas omsyn til den før dette organet gjer innstilling om årsrekneskapen til kommunestyret. Rekneskapen må derfor først leggast fram for kontrollutvalet.

Kontrollutvalet skal og sjå til at revisor sine merknader i forhold til rekneskapet (årsoppgjersbrev) vert fylgt opp – dette i henhold til Kontrollutvalgsforskriften § 8.

Grunnlag for kontrollutvalet sin uttale:

Grunnlaget for handsaminga i kontrollutvalet er den avlagde årsrekneskapen og notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjersbrev til rådmannen og rådmannen si årsmelding.

Årsrekneskapen med notar

Rekneskapen som er framlagt viser eit resultat med eit netto driftsresultat på 12,2 millioner kroner. Dette utgjer 4,35 % av driftsinntektene. Tilrådingane seier at eit resultat bør ligge på minimum 3 % for at den økonomiske situasjonen skal være tilfredsstillande.

Etter interne finansdisposisjonar har kommunen eit mindreforbruk/udisponert overskot på 3,7 mill. kroner. Opphavleg budsjett var på kr. 0,7 millioner.

Sum utgifter i investeringsrekneskapen er på 30,6 mill. kr. Justert for finanstransaksjonar og inntekter er finansieringsbehovet på 22,9 mill. kr. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse.

Det er utarbeidd notar som gjev god informasjon og forklaring til tala i rekneskapen.

For at rekneskapen skal gje brukarane så god informasjon som mogleg er det viktig at tala i rekneskapen blir supplerte med notar som gjev tydeleg henvisning til kva element i årsrekneskapen dei knyter seg til.

Årsmelding

Etter lova skal det leggjast fram ei årsmelding som skal gi opplysningar om tilhøve som ikkje går fram av rekneskapen og som er viktige i vurderinga av kommunen si økonomiske stode og resultatet av verksemda.

Årsrapporten gir utfyllande opplysningar til det talmateriale som går fram av rekneskapen. Forklaringar på avvik er gjort nærare greie for i rapporten.

I årsrapporten har rådmannen kome med mellom anna følgjande kommentarar:

Etne kommune fekk eit godt økonomisk resultat i 2012, med netto driftsresultat på 12,2 millionar, og eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 3,7 millionar. Det er likevel ein nedgang samanlikna med året før. Netto driftsresultat utgjer 4,35 % av driftsinntektene og er også dette året over Fylkesmannen sitt tilrådde nivå på minst 3 %. Kommunen hadde ei meirinntekt m.o.t. frie inntekter (rammetilskot + skatt på inntekt og formue inkl. naturressursskatt) på 3,7 mill.kr. i 2012 sett opp mot regulert budsjett. Skatteinngangen var god, særleg dei siste månadane i året. I tillegg har me hatt lågare renteutgifter og høgare renteinntekter.

Netto driftsresultat på 4,35 % er isolert sett godt. Det er likevel verdt å merke seg nokre faktorar som har innverknad både på brutto og netto driftsresultat. Netto premieavvik skal inntektsførast i rekneskapen i 2012 og utgiftsførast som del av amortisert premieavvik dei neste 10 åra. I 2012 var premieavviket til KLP rekordstort, korrigert for amortisert premieavvik, var det på 5,4 millionar. Dette blir inntektsført i rekneskapen, og betrar det netto driftsresultat slik at resultatet ser betre ut enn det er. I tillegg skal momskompensasjon på investeringar fram til og med 2013 inntektsførast i driftsrekneskapen. Dette gav ein positivt effekt på 3,4 millionar på netto driftsresultat for 2012. Korrigert netto driftsresultat for momskompensasjon på investeringar og netto premieavvik blir om lag 1,3 %.

Ser me på einingane isolert er det eit meirforbruk i høve til budsjett samla på om lag 2,7 millionar. Dette strekar under at driftsrammene er strame, noko som også vart peika på i budsjettet for 2013. Fleire av einingane har eit vesentleg meirforbruk. Forklaring på meirforbruk går fram av rapporteringa for den einskilde eining.

Generelt om innhaldet i ei revisormelding

Atterhald vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som påverkar revisor sin konklusjon på den totale rekneskapen. Presisering vert brukt når revisor ønskjer å gjera kommunestyret merksam på forhold som ikkje påverkar revisor sin konklusjon om rekneskapen totalt.

Revisor si revisjonsmelding

Revisjonen har avlagt si revisjonsmelding. Revisor har avlagt såkalla rein melding, dvs. utan atterhald eller presiseringar.

Revisor konkluderer med at:

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir i det alt vesentlege ein dekkande framstilling av den finansielle stillinga til Etne kommune per 31. desember 2012 og av resultatet for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen i samsvar med lov, forskrift og god kommunal rekneskapsskikk i Noreg.

Revisor sitt årsoppgjersbrev vil bli lagd fram i møte.

Notatet saman med meldinga frå revisor dannar grunnlaget for om den oppfølginga kontrollutvalet eventuelt må foreta i medhald av føreskrifta § 8. Kontrollutvalet må vurdere om dei vil ha tilbakemelding frå administrasjonen på noko av det revisjonen tar opp i årsoppgjersbrevet. Sekretariatet vil gjere framlegg om at det vert gjort.

Kontrollutvalet sin uttale

Vedlagt saka følgjer sekretariatet sitt framlegg til uttale til årsrekneskapen (vedlegg 1).


Kontrollutvalet må vurdere om det er forhold i rekneskapen dei vil kommentere i sin uttale til kommunestyret, basert på dokumenta i saka og orientering gjeve i møtet.

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet i Etne vedtek uttale til kommunerekneskapen for 2012 slik den ligg føre/ med desse endringane:

Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei skriftleg tilbakemelding til utvalet innan 1. september på korleis merknadane i årsoppgjersbrevet er følgd opp.

Aksdal, 06.05.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Til kommunestyret i Etne

Kontrollutvalet sin uttale om Etne kommune sin årsrekneskap for 2012

Innleiing

Kontrollutvalet har i møte den 13.05.13, sak 7/13 handsama Etne kommune sin årsrekneskap for 2012.

Rekneskapen består av driftsrekneskap, investeringsrekneskap, balanserekneskap, økonomiske oversyn, noteopplysningar og pliktige budsjettopplysningar.

Grunnlaget for uttalen

Grunnlaget for handsaminga har vore den avlagde årsrekneskapen med notar, revisjonsmeldinga, revisor sitt årsoppgjersbrev og rådmannen sin årsrapport. I tillegg har revisor, rådmann og rekneskapsansvarleg supplert kontrollutvalet med munnleg informasjon om aktuelle problemstillingar under handsaminga av årsrekneskapen i kontrollutvalet.

Kontrollutvalet sin uttale:

Etne kommune sin årsrekneskap for 2012 er gjort opp med eit rekneskapsmessig mindreforbruk/overskott på kr 3,7 millionar.

Kontrollutvalet har merka seg at rekneskapen viser eit positivt netto driftsresultat med rundt 12,2 million kroner.

Under tilvising til utvalet sin eigen gjennomgang av dokumenta og revisjonsmeldinga, meiner kontrollutvalet at årsrekneskapen totalt sett gjer eit forsvarleg uttrykk for resultatet av kommunen si verksemd for 2012 og for kommunen si økonomiske stode pr. 31.12.12.

Kontrollutvalet i Etne har ingen merknader til Etne kommune sin rekneskap ut over det som går fram av revisor sitt årsoppgjersbrev og revisjonsmeldinga.

Etne, 13.05.13

Ståle Tungesvik
Leiar av kontrollutvalet

Kopi: Formannskapet



Gr-art

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 06.05.13.
Journalført: 13/182/ogl
Arkivkode: 210

Årsrekneskap 2012

K-sak 0XX/13



Etne kommune



ETNE KOMMUNE

trygg • raus • engasjert

MOT

Innhold

INNLEIING.....	3
DEN KOMMUNALE REKNESKAPEN – REKNESKAPSPRINSIPP	4
HOVUDOVERSIKTER	5
REKNESKAPSSKJEMA.....	9
NOTAR.....	12
DRIFTSREKNESKAP	23
ANSVAR: 1000 RÅDMANN	24
ANSVAR: 1200 LØNN OG PERSONAL	32
ANSVAR: 1400 IKT	33
ANSVAR: 1500 ØKONOMI.....	34
ANSVAR: 1600 UTVIKLING.....	36
ANSVAR: 1700 TENESTETORG	41
ANSVAR: 2101 ENGE SKULE	45
ANSVAR: 2103 RYGG SKULE	48
ANSVAR: 2105 SKÅNEVIK SKULE	50
ANSVAR: 2201 ENGE BARNEHAGE.....	52
ANSVAR: 2203 RYGG BARNEHAGE	53
ANSVAR: 2205 SKÅNEVIK BARNEHAGE	54
ANSVAR: 2300 KULTUR	55
ANSVAR: 3000 HELSE OG SOSIAL.....	58
ANSVAR: 3001 HS AVD. 1 BISTAND OG OMSORG.....	64
ANSVAR: 3002 HS AVD. 2 BISTAND OG OMSORG.....	65
ANSVAR: 3500 PLEIE OG OMSORG	66
ANSVAR: 3501 PLO AVD. 1 ETNE.....	69
ANSVAR: 3502 PLO AVD. 2 ETNE.....	70
ANSVAR: 3504 PLO AVD. SKÅNEVIK.....	71
ANSVAR: 3600 NAV KOMMUNE	73
ANSVAR: 4200 DRIFT/VEDLIKEHALD	75
ANSVAR: 5000 RÅDMANN - FINANS.....	83
INVESTERINGSREKNESKAP	98
BALANSE	120
EIGENDELAR	121
EIGENKAPITAL OG GJELD.....	122



ETNE KOMMUNE

KOMMUNEREKNESKAPEN 2012

Innleiing

Rekneskapen for Etne kommune vert med dette lagt fram.

Driftsrekneskapen er avslutta med eit netto driftsresultat på kr 12 184 495 mot justert budsjett på kr 5 678 939. Det rekneskapsmessige overskotet som kjem fram etter avsetjingar og bruk av avsetjingar, samt ev. inndekning av fjorårets underskot, vert på kr 3 698 825. Opphavleg budsjett var på kr 698 484.

Sum bruk av midlar var på kr 298 486 420, medan tilgang på midlar var på kr 306 794 240.

Arbeidskapitalen er auka med kr 8 873 868.

Rekneskapen er revidert, og me viser til revisjonsmelding frå KPMG.

Etne, 13.03.2013

Elling Hetland
Rådmann



Den kommunale rekneskapen – rekneskapsprinsipp

Generelt

I samsvar med forskrifter for kommunale budsjett og rekneskap, fastsett av Kommunal- og regional departementet 15. desember 2000, fører Etne kommune sin rekneskap etter anordningsprinsippet. Det vil seie at alle kjente inntekter og utgifter vert tatt med i drift- og investeringsrekneskapen for vedkommande år, uavhengig om dei er betalt eller ikkje i rekneskapsåret.

Uteståande fordringar

Uteståande fordringar er bokført til kostpris. Etter dei kommunale rekneskapsforskriftene skal ein gå gjennom fordringane og skrive vekk krav som er uinndrivelege. Dette skal ein gjere for at balanserekneskapen skal vere mest mogleg reell.

Aksjar og partar

Aksjar og partar er oppført til opphavleg innkjøpspris.

Anleggsmidlar/driftsmidlar

Alle varige driftsmidlar med økonomisk levetid over 3 år, og med ein innkjøpspris over kr 100.000,- er ført i investeringsrekneskapen og aktivert i balansen. Avskrivningane er lineære over den økonomiske levetida.

Fond

Fonda i balanserekneskapen er delt i bunde/ubunde kapitalfond, bundne driftsfond og disposisjonsfond. Dei bundne fonda er fond der instansar utanom kommunen har øyremerka midlane til særskilte føremål som kommunestyret ikkje kan endra.

Kapitalkonto

Kapitalkonto syner forholdet mellom anleggsmidlane og den delen av langsiktig gjeld som er nytta til å finansiera anleggsmidla. I rekneskapen skal anleggsmidlane minus langsiktig gjeld (korrigert for ubrukte lånemidlar) tilsvara kapitalkonto.



Hovudoversikter

HOVUDOVERSIKT - DRIFTSREKNESKAPEN					
Kostra-art		Rekneskap 2012	Budsjett (end) 2012	Budsjett (oppr.) 2012	Rekneskap 2011
	Driftsinntekter				
600-619	Brukerbetalinger	11 018 218,73	9 975 056,00	10 224 062,00	10 034 090,89
620-670	Andre salgs- og leieinntekter	20 976 489,35	18 531 247,00	21 001 252,00	20 553 000,70
700-770	Overføringer med krav til motytelse	31 500 330,02	21 993 606,00	17 744 646,00	28 754 495,37
800	Rammetilskudd	117 217 508,00	117 842 000,00	117 398 000,00	109 909 148,00
810	Andre statlige overføringer	2 838 529,00	2 591 622,00	2 392 895,00	2 724 350,00
830-850, 880-890	Andre overføringer	1 992 040,60	2 709 092,00	2 699 244,00	3 382 816,46
870	Skatt på inntekt og formue	83 978 522,61	79 693 000,00	79 693 000,00	76 765 806,23
874	Eiendomsskatt	6 526 874,18	6 550 055,00	6 550 055,00	6 206 516,38
877	Andre direkte og indirekte skatter	3 891 018,00	3 902 540,00	3 826 000,00	3 696 022,00
	Sum driftsinntekter (B)	279 939 530,49	263 788 218,00	261 529 154,00	262 026 246,03
	Driftsutgifter				
010-080, 160-165	Lønnsutgifter	140 658 558,09	139 619 002,00	132 833 237,00	131 365 120,85
090-099	Sosiale utgifter	36 030 575,31	36 489 155,00	40 578 578,00	34 078 207,29
100-285 - (160-165)	Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon	37 152 312,90	29 551 521,50	32 303 560,00	34 421 737,66
300-380	Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon	25 761 277,62	24 488 076,00	26 319 646,00	26 167 587,76
400-490	Overføringer	17 968 792,81	15 189 469,00	13 941 621,00	13 808 108,13
590	Avskrivninger	7 038 952,00	6 820 708,00	6 820 708,00	6 762 226,51
690 + (290-790)	Fordelte utgifter	0,00	0,00	-3 716 999,00	0,00
	Sum driftsutgifter (C)	264 610 468,73	252 157 931,50	249 080 351,00	246 602 988,20
	Brutto driftsresultat (D = B - C)	15 329 061,76	11 630 286,50	12 448 803,00	15 423 257,83
	Finansinntekter				
900-905	Renteinntekter, utbytte og eieruttak	3 946 927,76	2 947 613,00	2 559 613,00	3 323 762,29
920	Mottatte avdrag på utlån	12 400,00	0,00	0,00	10 100,00
	Sum eksterne finansinntekter (E)	3 959 327,76	2 947 613,00	2 559 613,00	3 333 862,29
	Finansutgifter				
500	Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg.	7 101 919,37	8 663 119,00	8 663 119,00	6 137 736,98
510	Avdragsutgifter	7 037 000,00	7 036 550,00	7 036 550,00	5 591 507,00
520	Utlån	3 927,00	20 000,00	20 000,00	2 446,22
